

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Oppfølging av møte med Faopplæringsnemnda sitt arbeidsutvalget

Skei 15 oktober 2015

Skuletilbod 2016 /2017

Teknikk og industriell produksjon

- Opprett vg 1 Teknikk og industriell produksjon ved Stryn vgs. I tillegg til å oppretthalde dagens tilbud.
-
- Vg 2 Industriteknologi oppretthald som dagens tilbud.
-
- Vg 2 kjemiprosess opprettas ved Flora vgs, ein klasse .

Kommentar, det er i dag ein klasse vg 2 kjemi prosess i fylket. Behovet for rekruttering er to til tre klasser, men pga at fylket ikkje har vore villig til å opprette klasser i samsvar med behovet vert det kvart år rekruttert mellom 5 – 10 lærlingar frå Hordaland (Knarvik og Laksevåg vgs) Industrien har i tillegg sett seg nødt til å endre sine fag og tatt i buk produksjonsteknikk faget som supplement til kjemi prosess . (produksjonsteknikk vert rekruttert frå industriteknologi)

- Vg 2 maritim produksjonsteknikk vert tilrettelagt for å møte det antall læreplasser som næringslivet har behov for.

Kommentar, det er pr i dag ingen godkjente lærebedrifter i faget. Aktuell lærebedrift, seier det kan bli aktuelt å ta inn tre lærlingar i 2016, deretter 1 til 2 lærlingar i kommande åra.

- Vg 2 industriell møbelproduksjon , halv klasse som i dag.
-
- Vg 2 Brønnteknikk .

Kommentar, det fins ingen godkjente lærebedrifter i Sogn og Fjordane i dag. Det er ingen tilgjengelige læreplasser i faget i Sogn og Fjordane og det er mange som står utan lære plass også i andre fylker. Det er ikkje behov for dette tilbodet sett ut i frå industrien her i fylket sine behov.

- Vg 3 ut i frå vg 2 industriteknologi.

Kommentar, det har ikkje lykkast å skaffe alle lære plass dei to siste åra. Tilbakemelding frå bedriftene som ikkje har tatt inn lærling er at dei har tatt inn YSK elev som blir framtidig lærling. Dermed ser dei ikkje at dei har kapasitet til ordinær lærling i tillegg. Talet ser ut til å stemme nokolunde med det antal som stod utan lære plass. Antal plasser på vg 2 industriteknologi må difor ikkje bli tatt ned som følge av at det har vore behov for vg 3 klasse dei to siste åra. Tidlegare har situasjonen vore annleis, alle kvalifiserte har fått lære plass og det har vore ledige læreplasser, samtidig som det er tatt inn lærelinger frå andre fylke.

- YSK

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Kommentar, er det rett å tilby YSK når det ser ut til å medføre at «ordinær» lærling ikkje får fullføre si utdanning med læreplan ? YSK (TAF) vart i si tid oppretta for dei som trengte ekstra utfordringar og som tok spesiell studiekompetanse samtidig som dei tok fagbrev. I dag ser vi at YSK elevane gjerne ikkje fullfører med spesiell studiekompetanse, er modellen da riktig ?

Det fins mange alternative vegar å gå for å få studiekompetanse, retten til «påbygg» er ein rett alle med fagbrev har fått og kan kanskje være det alternativet som ivareta dei som ønskjer å ta studiekompetanse i tillegg til fagbrev.

Det same problemet er for fleire tilbod som vert gitt som YSK, det gjer det vanskeleg for «ordinær» lærlingen å få læreplan.

Prøvenemnd , vurderingskriterier, kortid vert prøven avlagt og kometanse

- Vurderingskriterier

Kommentar, det er stor skilnad på korleis prøvenemndene informerer om vurderingskriterier. Nokre prøvenemnder har utforma vurderingskriterier og lagt dei på fylkeskommunen si heimeside Det er bra.

Det er eit stort potensiale for å utvikle vurderingskriterier for alle fag og å gjere dei kjent for alle som skal gå opp til fagprøve.

- Tilgangen til prøvenemnder

Kommentar, det er nemnder som ikkje fungerer, sett utifrå at dei ikkje tar opp lærlingar til fagprøve innan « fristen», dvs innan to månader etter den dato som står på lærekontrakta. Dette er ikkje greitt, det får konsekvensar for vidare utdanning, høve til å få seg jobb mm.

Noko må gjerast.

- Prøvenemnda sin kompetanse

Kommentar, det er prøvenemnder som ikkje er oppdatert i forhold til dagens læreplaner. Dei nyttar oppgåver som ikkje er i samsvar med læreplan i faget. Fylket er gjort merksam, har fått klage frå bedriftene utan at noko skjer.

Dette er særst uheldig og begynner å verte ei utfordring for rekruttering til viktige fag.

Konkret forslag til tiltak, nemnda må bli kalla inn og bli fagleg oppdatert, samt bli gjort merksam på at om dei ikkje vil vurdere i samsvar med faget, så lyt dei finne seg i at dei vert tatt ut av prøvenemnds arbeidet.

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

Dagleg leiar

PRO Opplæringskontoret

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri